

Rapport Strandsonkartlegging

Øygarden kommune



Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar:	Øygarden kommune
Tittel på rapport:	Rapport Strandsonekartlegging Øygarden kommune
Oppdragsnamn:	Strandsonekartlegging Øygarden kommune
Oppdragsnummer:	634126-07
Utarbeidd av:	Karianne Eriksen, Karen Holst
Oppdragsleiar:	Kjersti Ingolvsdotter Vevatne
Tilgjenge:	Open

Kort samandrag

Rapporten inneheld ei strandsonekartlegging for Øygarden kommune. Først er det gjort ein arealstatus for heile kommunen, deretter identifisering av funksjonell strandsone for utvalde delar av kommunen.

Overordna føremål med kartlegginga er å få meir kunnskap om verdiane i strandsona og lage eit kunnskapsgrunnlag for blant anna arbeid med rullering av kommuneplanens arealdel (KPA). Kartlegginga er overordna og tilpassa kommuneplannivået.

03	21. okt. 2024	Leveranse 01	KE/ KH	KIV
02	23.aug. 2024	Revisjon av rapport	KE/ KH	KIV
01	18. jun. 2024	Utkast til rapport	KE/ KH	KIV
Ver	Dato	Skildring	Utarb. av	KS

Føreord

Denne rapporten er ei kartlegging av strandsona i Øygarden kommune. Kartlegginga inneheld ein arealstatus over 100-metersbeltet i strandsona langs sjø i heile kommunen, og kartlegging av strandsoneverdiar for utvalde område. For utvalde område er det framlegg til avgrensing av funksjonelle strandsoneareal som vil vere grunnlag for vurdering av arealbruk i strandsona.

Asplan Viak AS har utarbeid analysen på oppdrag frå Øygarden kommune. Arbeidet er gjennomført på bakgrunn av kjende datakjelder, kommunen sine kartleggingar og digitale analysar. Det er gjennomført synfaring i felt for utvalde område.

Kjersti I. Vevatne har vore Asplan Viak AS sin oppdragsleiar. Medarbeidarar har vore landskapsarkitekt Karianne Eriksen, landskapsarkitekt Karen Holst, GIS-rådgjevar Frode Edvardsen og naturvitar Per Gerhard Ihlen.

Kontaktperson i Øygarden kommune har vore Lisbeth Selstø. I tillegg har ei rekke ressursar i Øygarden kommune delteke i møter og bidrege i arbeidet: Dennis Rene Vevang, Tone Børtvedt, Steffen André Molnes og Halvor Skurtveit.

Der ikkje anna kjelde er oppgitt, er alle bilete tatt av og kart utarbeidd av Asplan Viak AS.

Bergen, 21. oktober 2024

Kjersti I. Vevatne
Oppdragsleiar
kvalitetssikrar

Karen Holst
Landskapsarkitekt
medarbeidar

Karianne Eriksen
Landskapsarkitekt
fagansvarleg



Figur 1 Forlandsvågen, fritidsbåtar og næring

Innhald

1. Innleiing	4	4.6. Delområde 6	32
1.1. Bakgrunn og målsetjing	4	5. Funksjonell strandsone - område prioritet 2 og 3	35
1.2. Strandsona i arealplanlegging og forvaltning. Lovgrunnlag	4	5.1. Delområde 7	35
2. Metode	6	5.2. Delområde 8	38
2.1. Definisjon av viktige omgrep nytta i kartlegginga	6	5.3. Delområde 9	41
2.2. Metodikk for kartlegging	7	5.4. Delområde 10	44
3. Fase 1 Arealstatus	11	5.5. Delområde 11	47
3.1. Arealrekneskap	11	5.6. Delområde 12	50
3.2. Områdevurdering/ utval av område som skal kartleggast	13	5.7. Delområde 13	53
3.3. Sentrale funn	14	5.8. Delområde 14	56
4. Funksjonell strandsone, Område prioritet 1	17	5.9. Delområde 15	59
4.1. Delområde 1	17	5.10. Delområde 16	62
4.2. Delområde 2	20	5.11. Delområde 17	65
4.3. Delområde 3	23	5.12. Delområde 18	68
4.4. Delområde 4	26	5.13. Delområde 19	71
4.5. Delområde 5	29	6. Kjelder	74
		7. Vedlegg	75
		7.1. Kartvedlegg arealstatus	75

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn og målsetjing

I samband med arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen ønskjer Øygarden kommune meir kunnskap om verdiane i strandsona, og ei kartlegging av areal i strandsona med særleg høg verdi. Gjennom ei kartlegging av *funksjonell strandsona* er målet å sikre ei langsiktig og berekraftig forvaltning der kommunen best mogleg kan ivareta dei omsyna som er viktige i strandsona.

Denne strandsonekartlegginga er framstilt som funksjonell strandsona, definert slik i strandsonerettleiaren til Vestland fylke: «Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet». Definisjonen viser til ei funksjonell strandsona som ikkje nødvendigvis følgjer 100-metersbeltet, men som kan vere både smalare og breiare.

Funksjonell strandsona er eit omgrep som ofte blir blanda saman med byggegrense mot sjø. Målet med denne strandsonekartlegginga er ikkje å fastsette byggegrense mot sjø, men å finna den delen av strandsona som er verdifull og allmenn tilgjengeleg.

Kartlegging av funksjonell strandsona er ein systematisk gjennomgang av kva som er forholdet mellom sjø og land i kommunen. Sjølv om kartlegginga ikkje er ein eksakt vitskap vil det gje eit godt innsyn i arealbruken i strandsona og eit oversyn over den bruksmessige samanhengen mellom land og sjø.

Kartlegginga tar utgangspunkt i dagens situasjon og legg vekt på etablerte og bygde strukturar. Rapporten gir eit viktig kunnskapsgrunnlag for arbeidet med arealdel av kommuneplanen. Denne kunnskapen kan danne grunnlag for fastsetting av mellom anna grenser for arealføremål og omsynssoner. Rapporten gir i tillegg viktig fagkunnskap for anna planarbeid.

Verdifull strandsona kan også vera viktig natur, samanhengande landskapsrom, naturleg strandsona og stader med identitet eller kulturminne og kulturmiljø.

Allmenn tilgjengeleg strandsona har mykje med kor bratt det er i området, men den kan likevel vera tilgjengeleg som eit utsiktspunkt, eller frå sjø. Små tilgjengelege lommer i eit elles tettbygd område kan vera svært verdifulle.

1.2. Strandsona i arealplanlegging og forvaltning. Lovgrunnlag

Strandsona er eit prioritert tema i arealforvaltninga. Den største allmenningen Noreg har er knytt til sjø og havområda, er eit gratis fellesgode og ein del av den norske Kulturmiljøet. Det er eit mål at strandsona skal vere tilgjengeleg for alle.


Plan og bygningslovens §1-8 gir forbod mot tiltak langs sjø, med visse unntak. §1-8.3 opnar for at kommunen kan foreta differensiering av byggeforbodet i strandsona.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen vart vedteke i 2021. Formålet med retningslinjene er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk, og å utdjupe plan og bygningsloven. Retningslinjene skal sikre nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen, og bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FN's berekraftsmål. Retningslinjene skal bidra til at det vert teke omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona, og at ein i større grad kan unngå bygging langs sjøen, jf. plan- og bygningsloven § 1-8. (forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen).

Retningslinjene stiller krav om at eventuelle nye tiltak, også tiltak som skal gje betre tilgang til strandsona, må tilpassast og ta omsyn til landskap, kulturminne, naturmangfald og friluftsliv. Oversikt og kjennskap til verdier i strandsona gir grunnlag for god planlegging og forvaltning. Kartlegging av desse verdiane i strandsona dannar eit godt grunnlag for ei slik forvaltning.

Retningslinjene skal bidra til ei geografisk differensiering i planlegginga, der ein skal vere strengast der utbyggingspresset er stort og verneverdiane er høgast. Landet er delt inn i 3 soner og Øygarden kommune ligg i sone 2; «andre områder der presset på areala er stort». Soneinndelinga tek ikkje fullt ut omsyn til lokale skilnader i utbyggingspress og verneverdiar innafor kvar kommune.

Retningslinjene legg derfor opp til at ytterlegere differensiering kan gjerast lokalt i kommuneplanen sin arealdel.



Figur 2 Kart som viser nordlege delar av Øygarden kor strandsona er i sone 2 (oransje farge). Vestlege delar av Alver kommune er strandsona i sone 3: område med mindre press på areala (gul farge). Kjelde: [Strandsonerettleiar Vestland fylke \(arcgis.com\)](https://www.arcgis.com)

2. Metode

2.1. Definisjon av viktige omgrep nytta i kartlegginga

Differensiert strandsoneforvaltning

Differensiering på grunnlag av lokale og regionale ulikskapar, samstundes som ein tek omsyn til natur, kulturlandskap, allment friluftsliv, biologisk mangfald. Verktøy: funksjonell strandsone.

100-metersbeltet mot sjø

100-meter frå strandlinja målt i horisontalplanet ved alminneleg høgvatn. Pbl. §1-8 Frådelings- og byggjegrænse mot sjø, jf. PBL (2008) § 1.8, Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag.

Inngrep

Omfattar alle fysiske tiltak som mellom anna vegar, bygningar, terrenginngrep, kulturminne og leidningsnett mm.

Tilgjengeleg strandsone

Tilgjengeleg strandsone er strandsone tilgjengeleg for allmenta. Avgrensinga er basert på topografi og arealbruk som stenger for allmenn ferdsel. I eit friluftslivsperspektiv er topografi avgjerande for tilgjenge. Område med hellingsgrad brattare enn 25 grader er definert som utilgjengeleg jamfør SSB sin klassifisering, då hellingsgraden gjer brattare terreng enn dette vanskeleg å ta seg fram i (Vestland fylkeskommune, strandsonerettleiar for Vestland fylke).

Funksjonell strandsone

«Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig». Kan vere smalare eller breiare enn 100- metersbeltet» (Strandsonerettleiaren Vestland fylkeskommune, 2022).



Figur 3 Frå Lerøy, foto: Linda Telle

2.2. Metodikk for kartlegging

Arbeidet er gjennomført i samsvar med strandsonerettleiaren til Vestland fylke (2022). Rettleiaren er utarbeidd av Vestland fylkeskommune i samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland.


[Strandsonerettleiar Vestland fylke \(arcgis.com\)](https://arcgis.com)

Rettleiaren tilrår å:

- først å gjennomføre ei digital analyse som gir oversikt over arealstatus i 100-meters beltet i heile kommunen
- deretter å gjennomføre ei kartlegging av strandsoneverdiar for utvalde delar av kommunen

Vestland fylkeskommune definerer *Funksjonell strandson*e som ein eigna metodikk for å gjennomføre ei kartlegging av strandsoneverdiar i utvalde delområde av kommunen.

Arbeidet for Øygarden kommune er avgrensa til fase 1 og 2, sjå figur under



Figur 4 Figur som viser fasane i kartlegginga. Kjelde: [Strandsonerettleiar Vestland fylke \(arcgis.com\)](https://arcgis.com)

2.2.1. Fase1 Arealstatus


Målsetnaden for første fase er å få ei oversikt over arealtilstanden, det vil seie i kor stor grad det er gjort inngrep i ho og kor tilgjengeleg strandsona er i dag.

Oversikt: Først er det gjort ei kartlegging av arealstatus i 100-metersbeltet for heile kommunen for å få oversikt over dagens situasjon i strandsona.

Vi har utarbeidd temakart som viser tilgjengeleg strandsoner for allmenta. Etter strandsonerettleiaren kan tilgjengeleg strandsoner for ålmenta definerast som område med fri ferdsle etter friluftlova, samt tilgjenge i høve til terreng/brattleik.

Arealrekneskap: Arealrekneskapa viser kor mykje som er tilgjengeleg strandsoner og kor mykje som er nedbygd.

Områdevurdering: Arealstatus gjev grunnlag for å definere kva areal som har høvesvis stort og mindre press i kommunen. I tillegg gir det eit godt grunnlag for å velje område der ein skal gjennomføre ei nærare kartlegging av strandsoneverdiar/ funksjonell strandsonekartlegging. Strandsonerettleiaren til Vestland fylke slår fast at arealstatuskartlegginga gir eit bilete over område som er under press for utbygging, og det er desse som ein i hovudsak bør gjennomføre kartlegging av strandsoneverdiane for.



Figur 5. Døme på kart - kartlegging arealstatus Stord kommune, Leirvik. Kjelde: Strandsonerettleiar Vestland fylke (arcgis.com)

2.2.2. Fase 2 Fastsetjing av funksjonell strandsone/ Kartlegging av strandsoneverdiar

Kartlegginga byggjer på eksisterande kartleggingar/ tilgjengelege kart, datasett og foto. Det er gjennomført synfaring i utvalde område. Ortofoto og skråfoto av strandsona har vore gode hjelpemiddel i kartleggingsarbeidet. Det ligg ikkje føre heilskapleg skråfoto for tidlegare Sund kommune, berre for tidlegare Fjell og Øygarden kommune.

Kartlegginga tek utgangspunkt i dagens situasjon og tilgjengeleg kunnskap, og legg ikkje vekt på mogleg framtidig utbygging. Strandsoneretleiarer peikar på at det er viktig å sikre eit heilskapleg grunnlag for kartlegging av den funksjonelle strandsona, med utgangspunkt i følgjande verdiar:

1. Naturmiljø
2. Kulturmiljø
3. Friluftsliv
4. Landskap

I tillegg er eksisterande infrastruktur, landbruk, bygningar og planstatus relevante datagrunnlag for avgrensing av funksjonell strandsone.

Kommunen ønsker ei registrering av dagens situasjon og bygde strukturar slik at gamle planar kan revurderast om naudsynt. Arbeidet tek også omsyn til område avsatt til grøntformål i KPA, inkludert omsynssone kultur og landbruk. Arbeidet tek ikkje omsyn til gjeldande reguleringsplanar, med unntak av avgrensinga av Sotrasambandet og utviklingsområdet nord på Bildøy.

I Øygarden har vi i samråd med kommunen satt funksjonell strandsone som smalare enn 100-metersbeltet dersom:

- strandsona er så dominert av inngrep som ikkje er sjørelatert, at føremålet med strandsonevernet ikkje lengre er føremålstenleg, t.d. når eit næringsområde er etablert.
- strandsona er så privatisert av busetnad og/eller andre stengsler at allmenn bruk og ferdsel ikkje lenger er praktisk mogleg.
- veg dannar ei naturleg grense mot sjøen.

Funksjonell strandsone er breiare enn 100-metersbeltet dersom:

- strandsona inngår i ein større samanheng, slik som samanhengande landskapsform, eller der ope kulturlandskap, bygningsmiljø og landskapsrom omfattar eit heilskapleg område frå sjø til ei klar grense mot veg, skog eller terreng.

Elles er dette inkludert i funksjonell strandsone:

- strandsone brattare enn 25 grader, dersom ho har topografisk og økologisk funksjon, og / eller har bruksmessig funksjon ved at her er fint å liggja inntil med båt.

I område der ingen av verdiane er trer fram særskilt, eller registrerte verdiar ikkje gjev grunnlag for ei differensiering, bør 100-metersbeltet nyttast som avgrensing jf. pbl. § 1-8 første ledd.

Desse områda er ikkje kartlagd:

- Øyar, holmar, skjer og store halvøyar som er satt av til LNF er ikkje kartlagd sjølv om dei har spreidd fritidsbusetnad.
- Område som er sikra gjennom andre planar og lovverk.

Fastsetjinga av funksjonell strandsone er gjort med grunnlag i kartfesta temadata, med tilleggsvurderingar av landskapsrom/terrengformer, bygningsmiljø, vegetasjonsbilete og visuelle samanhengar/kontakt med sjøen etter kriteriesettet vist i tabellen nedanfor. Med andre ord bygger linja for funksjonell strandsone på data med varierende detaljeringsgrad, og er rettleiande.

Den fastsette grenselinja for funksjonell strandsone har ein detaljeringsgrad tilpassa karta i rapporten. Største målestokk er her 1:8500. Grenselinja må difor vurderast som grov i større målestokkar. Nøyaktigheita vert i tillegg påverka av nøyaktigheita til temadatabasane som har vore nytta som grunnlag.




Figur 6. Frå Brattholmen

Kartlegging av vurderingstema er gjort med GIS-verktøy der:

- innhenting og kartfesting av digitale data frå relevante databasar og kartgrunnlag er samla.
- vurdering og oppteikning av funksjonell strandsone (FS) er vist i kart - større eller smalare enn 100 meter.

Tabell 1 Kriterium for kartlegging av funksjonell strandsone

Tema	Delkriterium/vurdering	Bakgrunn/kjelde
Naturmiljø	Område verna etter naturvernloven	I funksjonell strandsone (FS) eller økologisk knytt til strandsona
	Område registrert med viktig biologisk mangfald	I FS eller økologisk knytt til strandsona
	Større vassdrag	Strandsone ved elveutløp
Kulturmiljø	Automatisk freda kulturminne	Innlemma i FS om knytt til strandsona
	Kulturmiljø og kulturlandskap	Innlemma i FS om knytt til strandsona
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde ved sjø	Innlemma i FS
	Kartlagde friluftsområde	Del av vurderinga med tanke på av området
	Lokale badeplassar/ friområde/ stiar	Innlemma i FS
Landskap	Topografi	Lengre/større parti med 25 graders helling vurderast som del av landskapsrommet knytt til sjø og inkluderast dermed i FS.
	Landskapsrom/-element/	Del av FS ved særøigne/tydelege landskapsrom/-element.
	Landskapstype og - verdi	Landskapssamenhengen del av FS
Landbruk	Dyrka mark (fulldyrka, overflate dyrka, innmarksbeite)	100 metersbeltet eller landskapsrom. I utgangspunktet verna gjennom Jordloven og PBL, men er vurdert i høve tilgjenge, storleik, kvalitet og samanheng med strandsona.
Infrastruktur	Veg	Tilgjenge. Skilt mellom hovudveg/ landbruksveg og sti. Veg er avgrensing for FS der veg er ein klar barriere eller naturleg grense for endra bruk, medan mindre vegar/stiar kan vere ein del av tilgangen til strandsona.
	Busetnad og bygningsmiljø	Busetnad ned til sjø kan vera ein naturleg avgrensing av FS. Ikkje ålment tilgjengeleg strandsona. Vurdering i høve storleik, privatiseringsgrad, omfang
	Sjøtilknytt bygningsmiljø (naust, rorbu, spreidd fritidsbusetnad)	Del av FS dersom hovudpreget er at det er ålment tilgjengeleg. Vurdering i høve storleik, privatiseringsgrad, omfang.



Figur 7. Frå Lerøy. Foto: Linda Telle

I tettbygde stork er det krevjande å bestemme kor ein skal setja grensa for å sikre verdiane i strandsona og når strandsona er så privatisert at verdiane ikkje er tilgjengeleg for alle. I hovudsak blir kvar plass vurdert for seg. Sjølv om det vert sett kriterium for vurderingane, må fagleg skjønn også nyttast i stor grad.

I Øygarden kommune er det ei utfordring korleis dyrka mark og beitemark i strandsona skal nyttast som grunnlag i kartlegginga. Dyrka mark er ikkje normalt tilgjengeleg for ferdsel, medan beite er det. Vi har vurdert innmarksbeite som del av FS og dyrka mark som ikkje, bortsett frå der kommunen sitter på annan lokal informasjon. I Øygarden er det i hovudsak ein mosaikk av mindre teigar med dyrka mark og innmarksbeite, mens ein andre stader i landet finn store samanhengande landbruksareal (til dømes innlandet, austlandet og Trøndelag). Det er heller ikkje mange område med omsynssone landbruk i Øygarden. Mesteparten finn ein nord i kommunen.

Dyrka mark er i utgangspunktet vurdert som ikkje tilgjengeleg og ikkje del av funksjonell strandsone, men der ein har lokal informasjon om at vert brukt til friluftsliv er det vurdert som tilgjengeleg. Der det er mindre teigar er det lagt vekt på andre temakriterier for fastsetjing av linja. Innmarksbeite er i hovudsak vurdert som tilgjengeleg, men her er også andre temakriterier vektlagt, t.d. om beiteareala er små.

3. Fase 1 Arealstatus

Først har vi gjort ei analyse av arealstatus i 100-metersbeltet i heile kommunen. Deretter har vi vurdert funksjonell strandsone for utvalde delar, i tråd med tilrådingar i strandsonerettleiaren. Arealrekneskap viser kor mykje areal som er tilgjengeleg og utilgjengeleg strandsone i Øygarden kommune.

3.1. Arealrekneskap

Vi har utarbeidd temakart som viser tilgjengeleg strandsone for allmenta der vi har samanstilt:


- Brattleik; område med hellingsgrad brattare enn 25 grader kan definerast som utilgjengeleg (jamfør SSB si klassifisering).
- Bygningspåverka strandsone jf. SSB sin definisjon. Bygningsnært areal som grunnlag for å kartleggje urørt strandsone. Dette er gjort som ei bufferanalyse frå bygg; 50 meter frå bygning; med unntak av naust, båthus og sjøhus.

Temakart viser også:

- bygningstypar
- dyrka mark (fulldyrka jord og overflate dyrka slått saman)
- omsynssoner landbruk
- verna naturområde

Temakarta viser at ein god del av strandsona, særleg aust i kommunen, er bygningpåverka. Døme på dette er Litle Sotra, Bildøyna og Bjørøyna.


Karta viser at omkring ¼ del av strandsona i Øygarden er område med hellingsgrad brattare enn 25 grader. Nokre stader er dette samanhengande bratte fjellsider, medan andre stader er dette som ein mosaikk av hyller. Desse bratte terrengkråningane er viktige veggjar som danner landskapsrom ved sjø (poll, sund osv.) og er dermed ein del av strandsona.



Temakarta er automatisert frå GIS og til dels svært grove. Grenselinja for funksjonell strandsone er hovudsakeleg redusert til mindre avstand frå busetnad enn 50 m der andre avgrensingar i terreng og infrastruktur tilseier det, og der det er praktisk for å få offentleg tilkomst til sjølinja.

	Pri 1	Pri 2	Pri 3
Areal i 100-metersbeltet	21 025 daa	17 314 daa	16 364 daa
Areal som er kartlagt som tilgjengeleg, verdifull	3 680 daa	7 624 daa	7 812 daa

Ein ser ut av tabellen at omlag 17% i 100metersbeltet i område prioritet 1 er tilgjengeleg og verdifull. I område prioritet 2 og 3 er det bevart meir verdiar, og tilgangen er betre. Her er ca. 45% av strandsona tilgjengeleg og verdifull.




Figur 8. Strandsona er svært bratt mange stader i Øygarden kommune - så bratt at ho fell utanfor definisjonen i rettleiaren. I denne kartlegginga er likevel bratt strandsona tatt med, fordi slikt terreng er vanleg i kommunen og ikkje til hinder for bruken.

3.2. Områdevurdering/ utval av område som skal kartleggast

Arealstatus og temakart «tilgjengeleg strandsoner» gir eit grunnlag for å definera kva areal som har stort press og mindre press i kommunen. Område med mykje bygningspåverka/ bygningsnært areal er ein god peikepinn på areal med stort press. Temakart «tilgjengeleg strandsoner» er vidare eit godt grunnlag for å velgje område der ein skal gjennomføre kartlegging av strandsoneverdiar/ funksjonell strandsonerkartlegging. Strandsonerettleiaren seier at det er områda som er under press for utbygging som ein i hovudsak bør gjennomføre kartlegging av strandsoneverdiane for. Det er heller ikkje tatt med område der det nyleg er gjort kartleggingar i samband med planarbeid, t.d. nordvest på Bildøy. Saman med Øygarden kommune har vi identifisert område som skal kartleggast etter metodikk for funksjonell strandsoner. Områda utgjer til saman ca. 360 km av den ca. 1400 km lange kystlinja i Øygarden.

Som arbeidsmetode har vi gitt ulik prioritering av områda (1-3). Dette vart gjort for å starte med dei områda som har størst utbyggingspress i kommunen.

Prioritet 1	Prioritet 2	Prioritet 3
Litle Sotra med m.a.	Sollsvika - Landro,	Sekkingstad - Møvik
Straume - Foldnes - Bildøy	Angeltveitsjøen, Kårtveit,	Langøyna - Algrøy
Bjørøy - Tyssøy	Glesvær - Spilde - Forland,	Kongvika
Sotra aust frå Kolltveit til Li.	Klokkarvik	Lokøy - Syltøy
	Alvheim - Tjeldstø	Toftarøy, Nautnes, Hatten,
		Ovågen - Rossnes



Figur 9 Prioriterte område for kartlegging av funksjonell strandsoner.

3.3. Sentrale funn

Øygarden kommune si historie og identitet er nært knytt til sjøen og strandlinja. Dei om lag 1500 øyane, og ca. 1400 km lange kystlinje er svært attraktiv både for rekreasjon, friluftsliv, bustader, hytte og næring. Særleg Sotrabraua bidrog til eksplosiv vekst i siste halvdel av 1900-talet, og det er venta at den nye brua som er under bygging vil bidra til ytterlegare vekst og utbyggingspress i strandsona.

Områda som er valt ut for kartlegging er dei områda som er mest utsett for press.

Dei største pressområda i kommunen ligg på austsida av Litlesotra, i nær tilknytning til brua og utvikling av Straume med sentrum. Her ligg næringsområde, bustader og hytter tett. Desse områda er prioritert som viktigast i kartlegginga, og dei strekker seg frå Ågotnes i nord til sørsida av Li, med Bjørøyna og Anglavik i aust. Her har det til alle tider vært gode hamner tett på skipsfart og handel, og ein finn spor frå alle tider av at strandsona har vore i bruk. Nyare tids utvikling har satt mest omfattande spor, og denne utviklinga har halde fram i høgt tempo. I fleire område dekkjer bustadbygging og hyttebygging så store område av strandsona at det ikkje finst funksjonell strandsone igjen, eller strandsone finst berre som små og lite tilgjengelege lommer. Desse små lommene er svært viktig å ta vare på. I utkantane ser ein at spreidd utbygging, eller område utan utbygging, gjer at strandsona framleis er tilgjengeleg.



Figur 10. Privatisert strandsone Bjørøyna



Figur 11. Tilgjengeleg strandsone Søre Ekrhovda

I kommunen er det etterspørsel etter fleire båt plassar for fritidsbåtar. Folk ønskjer seg helst ein båt plass nær hytta eller huset. Dette bidreg til privatisering av strandsona, og at mange små inngrep vert spreidd over større område. For å ivareta større og samanhengande område er det ei betre løysing for strandsona å ha felles småbåtanlegg med plass til fleire. Sjølv om inngrepet isolert vert større, så skåner ein strandsone andre stader.

Mange gamle sjøhus og naust står ubrukt, og mange fell etter kvart saman eller vert rivne. Nokre vert bygd opp igjen etter moderne standard, og får kanskje eit anna formål. Dette gjer at verdifull kulturhistorie over tid går tapt. Denne utviklinga har ikkje særskilt fokus i strandsonkartlegginga, men er ei utfordring i mange kommunar, og krev særskilt merksemd. Dei gamle nausta og sjøhusa representerer ein ressurs, og det er positivt om bygningane kan få ny bruk som ikkje bryt med verneverdiane som desse bygga representerer.



Figur 12. Fellesanlegg ved Døsjevika



Figur 13. Rorbuer Bjørøyna gjer allmenn ferdsle vanskeleg



Figur 14. Nordra vika i Kobbaleia



Figur 15. Gamle sjøbuer på Tyssøy

Prioritet 2 og 3-områda ikkje synfart i dette arbeidet, men er kartlagde ved skrivebordsstudie.



Figur 16 Bilde av Svenestangen ved Klokkarvik



Figur 17 Utsikt vestover Kylleren fra Syltøy.

Synfaringa viser at dei ubygde områda i prioritet 1 områda har stor verdi som strandsone. Strandsone som er privat utbygd reduserer tilgangen, men blir strandsone utbygd kan det ha ein urbaniserande effekt som gjer ho meir tilgjengeleg. Det er derfor ikkje alltid slik at utbygde område alltid får privatisert strandsone. Ved planlegging kan strandsone bli tilgjengeleg for mange.



Figur 18 Tilgjengeleg og utilgjengeleg strandsone er ikkje berre definert ut frå urørt / utbygd strandsone

Område utbygd med hytter, og område utbygd med bustader kan vere ulikt tilgjengelege sjølv om utnyttingsgraden er den same. Bustadfelt vil ofte opplevast som meir privatisert og meir opparbeida.


Kor tett bustader og hytter ligg vil og bety noko. Strandsone kan ha spreitt utbygging og likevel vere tilgjengeleg. Dette gjeld særleg hyttefelt.

Kartlegginga er gjort i dei områda av Øygarden som har størst utbyggingspress (prioritet 1-3). Funna viser at innafor 100-metersbeltet i dei områda som er kartlagt, utgjer den funksjonelle strandsone (verdiful, tilgjengeleg strandsone) om lag 42-44%, medan det resterande er enten nedbygd eller er av andre grunnar ikkje tilgjengeleg. Dette forholdet ser ein både innafor Prioritet 1 (bl.a. Litle Sotra, Bjørøyna m.m.), prioritet 2 (bl.a. Sollsvika, Kårtveit, Glesvær, Tjeldstø m.m.) og prioritet 3 (bl.a. Sekkingstad-Møvik, Kongvika, Toftarøy m.m.). At det statistiske resultatet var så likt mellom prioritert 1 - 3 var overraskande, sidan områda vert oppfatta som ulike både med tanke på utbyggingspress, men også ut frå utbyggingsmønster. Går nærare inn i kartlegginga, så ser ein at strandsone i område prioritet 1 er meir fragmentert enn i prioritet 2, og særleg 3. Ein ser og at i prioritet 1 er bevart strandsone oftare smalare enn 100-metersbeltet.

Ut frå kartlegginga vil vi trekke fram følgjande om dei ulike prioriteringsområda:

Prioritet 1


Særleg stort utbyggingspress samanlikna med andre område i kommunen, og strandsona er meir fragmentert enn elles. Det finst mange lommer av strandsona som kan vere svært små i areal, men er særst viktige å sikre allmenn tilgang til. Strandsona som framleis finst er i mange tilfelle smalare enn 100 meter.



Figur 19. Utsnitt ved Straumsundet i kartlagt område. Blå strek viser 100-metersbeltet, rosa viser tilgjengeleg, verdifull strandsona.

Prioritet 2


Her er det utbyggingspress, men områda er ikkje like tett utbygd som i prioritet 1. Kartlegginga viser at tilgjengeleg, verdifull strandsona relativt ofte finst i heile 100-metersbeltet langs sjø, men med mange unntak. Her er framleis mogleg å sikra god tilgang til strandsona, og at samanhengar i heile 100-metersbeltet kan sikrast.



Figur 20. Utsnitt ved Alvheim og Ådnevika i kartlagt område. Blå strek viser 100-metersbeltet, rosa viser tilgjengeleg, verdifull strandsona.

Prioritet 3

Utbyggingspress, men av mindre omfang enn i prioritet 1-2. Funksjonell strandsona utgjør oftare heile 100-metersbeltet. Dette gjer at særprega kvalitetar og samanhengar er bevart i eit breiare belte langs sjøen. Døme på dette kan vere bevarte historiske samanhengar mellom gardstun og naust.



Figur 21. Utsnitt ved Sekkingstad og Algrøyva i kartlagt område. Blå strek viser 100-metersbeltet, rosa viser tilgjengeleg, verdifull strandsona.

Det er liten skilnad mellom prioritet 2 og 3.











Figur 22. Sør for Li og nord for Lundaneset

4. Funksjonell strandsone, Område prioritet 1

4.1. Delområde 1





Område 1	Naturmiljø	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landskap	Landbruk	Infrastruktur
<p>Mathopen (Ågotnes) Knappane Spjeld Fjæreidpollen Bueneset (Knappskog) til Grotvika</p>	<p>Miljødirektoratet - Naturtypar NIN Fleire kystlyngheier med lav kvalitet til svært lav kvalitet, bl.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ågotnes: Mathopen • Vintraleitet 5 • Sørå Knappavågen vest • Storsæte • Jonsenheia • Otersteinheia • Areknappen • Bueneset • Grotvika 1 • Mikjelheia • Fleire i Fjæreidpollen (inkl. på holmar) • Kårtveit - Kystlynghei. Svært høy kvalitet. • Bueneset - Kystlynghei. Moderat kvalitet. • Austdalskogen - Lågurtedellauvskog. Moderat kvalitet • Grotvika 2 - Gammal lågurtospeskog. Svært høy kvalitet. <p>Artar og funksjonsområde Trekkeveggar hjort:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Knappane • Spjeld - Krabbapollen - Buvik <p>INON-område Eit område nord og eit område nordvest på Foldnes; nord for Laksvika og Bruane.</p>	<p>Giertsennausta, Kaianlegg kommunalt listeført og omsynssone kulturmiljø RP Ågotnes naustmiljø. Kommunalt listeført. Stølsneset naustmiljø. Omsynssone kulturmiljø i KP.</p> <p>Fleire buplassar steinalder. Status: automatisk freda. Bl.a.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Knappane, Ågotnes • Sandhaugen, Ågotnes • Spjeldsøyra, Ågotnes • Djupedal <p>Fleire SEFRAK meldepliktige og SEFRAK bygg (naust/ sjøbu) bl.a. i Stølsneset, Spjeldsundet, Fjæreidpollen, Ormavika, Sørevågen, Ågotnes</p>	<p>Kartlagt friluftsområde</p> <ul style="list-style-type: none"> • Knappane. Utfartsområde. Verdi: Viktig • Spjeldsundet. Nærturterreng. Verdi: Registrert. • Knappskog vest. Nærturterreng. Verdi: Registrert. • Knappskog kai/molo. Utfartsområde. Verdi: Svært viktig. • Grotvika. Leke- og rekreasjonsområde. Verdi: Registrert <p>Friluftsområde kpa grønstruktur</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kleivedalen • Fløythaugen • Åsneset • Areknappen • Jonsen (2) • Spjeld <p>Fleire småbåthammer i Spjeldsundet</p>	<p>Strandsona er del av fleire landskapsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Landskapsområde 39 Vindenes Ågotnes Verdi: Noko. Markerte landskapsformer i strandsona: Flika strandlinje skrånar frå sørvest mot nordaust. • Landskapsområde 35 Fjæreidpollen Verdi: Middels. Markerte landskapsformer i strandsona: Djupt og smalt landskapsrom med markante veggjar, holmar og skjær byter siktlinjene i rommet • Landskapsområde 36 Knappskog Verdi: Noko. Flika strandlinje med djupe vågar, nokre spreidde holmar og skjær 	<p>Dyrka mark i Buvika, Grotvika</p>	<p>FV561 Lokale vegar</p>






4.2. Delområde 2

Område 2	Naturmiljø	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landskap	Landbruk	Infrastruktur
Mikjelskaget Morlandsstøa Steganeset, Træsvika, Gangstø (Kolltveit)	Miljødirektoratet - Naturtypar NIN <ul style="list-style-type: none"> Mikjelheia - Kystlynghei, Svært lav kvalitet. Skjergardsveien - Kystlynghei. Svært lav kvalitet. Steganeset - Kystlynghei. Lav kvalitet. 	Buplassar og gravrøys. Status: automatisk freda. <ul style="list-style-type: none"> Kolltveit SEFRAK (ikkje meldepliktig) ved Træsvika. <u>Truleg manglar SEFRAK-kartlegging i Morlandstøa</u> (Knappskog gnr. 30, Morland gnr. 32 og Kolltveit gnr. 33). Dette er ein kunnskapsmangel.	Friluftsområde kpa grønstruktur ved Karihilderen	Strandsona er del av fleire landskapsområde: <ul style="list-style-type: none"> Landskapsområde 36 Knappskog. Verdi: Noko. Markerte landskapstrekk i strandsona: Flika strandlinje med djupe vågar, nokre spreidde holmar og skjær Landskapsområde 26 Straume - Bildøyna - Kolltveit. Verdi: Noko. Markerte landskapstrekk i strandsona: Bølgande og jamn utbygd strandlinje 	Innmarksbeite på Morlandstø	FV 561 FV5336 Lokale vegar






Temakart: Natur

Område 2

- Naturtyper NiN - Dekning - MD
- Naturtyper NiN - MD
- Arter funksjonsområde - MD
- Naturtyper HB13 - utenfor dekningsområde for NiN
- Lokalt viktig

- Kystkontur
- 100m beltet
- Veg (R, F)




Temakart: Friluftsliv

Område 2

- Friluftsliv statlig sikra - MD
- Svært viktig friluftslivsområde
- Viktig friluftslivsområde
- Kartlagte friluftsområder - MD
- Svært viktig friluftslivsområde
- Viktig friluftslivsområde
- Registrert friluftslivsområde
- Ikke verdisatt friluftslivsområde
- BOF - Type område
- Annet
- Badeplass
- Fiskeplass
- Turområde
- Ingen





- KP arealformål
- Friområde, nåv.
- Friområde, fram.
- Sjø og vassdr, småbåthavn, nåv.
- Sjø og vassdr, småbåthavn, fram.
- Sjø og vassdr, friluftsomr, nåv.
- Sjø og vassdr, friluftsomr, fram.
- Fotrute - SK
- Friluftsområde - KP - Grønnstruktur
- Funksjonell strandsone





- 100m beltet
- Veg (R, F)
- Kystkontur



4.3. Delområde 3





Område 3	Naturmiljø	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landskap	Landbruk	Infrastruktur
Smikkevika til Saltskohavnen Saltskoen til Austrevågen Vågo til Anglavika Snellevika til Nordre Vågen Foldnes med Laksvika, Bruane til Gangstøvika Søravågen og Grunnavågen	<p>Det er ikkje gjort kartlegging av naturtypar etter Miljødirektoratets instruks (basert på NiN) for delområde 3. I delområdet er det eit par naturtypar etter den tidlegare metodikken for kartlegging av naturtypar (DN-håndbok 13), dei ligg utanfor strandsona.</p> <p>Artar og funksjonsområde Viktig trekkerte for hjort mellom Giljeneset og Bassvika</p>	<p>Ingen kjente kulturminne i det kartlagde området.</p> <p>Foldnes (gnr. 36), Anglavika (gnr. 37) og Vågo (gnr. 38) <u>er ikkje registrert i SEFRAK</u>. Dette er ein kunnskapsmangel.</p>	<p>Kartlagt friluftsområde</p> <ul style="list-style-type: none"> Foldnesmarka nord. Utfartsområde. Verdi: Svært viktig Lotravika Leke- og rekreasjonsområde. Verdi: Registrert. Gamle Foldnes Nærturterreng. Verdi: Viktig Grunnavågen. Nærturterreng Verdi: Viktig <p>Friluftsområde kpa grønstruktur</p> <ul style="list-style-type: none"> Saltskoen Austevika Grunnarvågen <p>Friluftsområde i sjø og vassdrag</p> <ul style="list-style-type: none"> Saltskohavnen- Saltskoodden Grunnavågen Søre Folndesvågen Ganstøvika - sjøområde ved Klubben og Kobbholmen <p>Småbåthamner</p> <ul style="list-style-type: none"> ved Vågo Anglavika Austevika - Vikholmen 	<p>Strandsona er del av fleire landskapsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> Landskapsområde 24 Hjelteryggen - Knarrvika. Verdi: Noko. Landskapsområde 25 Vågo Foldnes. Verdi: Middels Landskapsområde 26 Straume - Bildøyna - Kolltveit. Verdi: Noko <p>Markerte landskapstrekk i strandsona: Varierer frå Hjelteryggen som har ei jamn og bratt strandsone som har sikt nordover Hjeltefjorden og austover mot Byfjorden, og dei lunare områda med sund og vågar som vender mot vest.</p>	<p>Innmarksbeite på Foldnes; Bruane og Brueidet, sørvest for Søre Foldnevågen/ Søre vågen.</p>	<p>FV5240 Lokale vegar</p>









4.4. Delområde 4





Område 4	Naturmiljø	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landskap	Landbruk	Infrastruktur
<p>Bildøypollen/ Døsje Bildøyna - austre og sørlege delar Storhilderen, Straumssundet til Knappavika og Ebbesvika Snekkevika, Pollen, Brattholmen Arefjord og Arefjordspollen Valen, Knarrvika</p>	<p>Sørlege delar av Litlesotra er kartlagt etter Miljødirektoratets instruks for kartlegging av naturtypar (basert på NiN). Austsida av Sotra er kartlagt etter Miljødirektoratets instruks, men Bildøyna er ikkje.</p> <p>Det er eit par naturtypar kartlagt etter den tidlegare metodikken for kartlegging av naturtypar (DN-håndbok 13), men dei ligg utanfor strandsona.</p> <p>Miljødirektoratet - Naturtypar NIN</p> <ul style="list-style-type: none"> Idda - Kystlynghei. Moderat kvalitet <p>Artar og funksjonsområde Trekkveggar hjort</p> <ul style="list-style-type: none"> Nordra Døsjevika Søra Knappavika Skjervika 	<p>Brattholmen gjestgjevarstad, kommunalt listeført Brattholmen kai, kommunalt listeført. Knarrevika industrianlegg, kommunalt listeført, omsynssone KP Gamlabryggjo i Straumsundet tørrmura kastegard, utan vern Naustmiljø langs Bildøyvegen like nord for Straumsundet bru, omsynssone kulturmiljø i RP</p> <p>Buplassar. Status: automatisk freda.</p> <ul style="list-style-type: none"> Volvika (buplass steinalder) Ebbesvika (buplassar, steinalder) Tona Sør (buplass, yngre steinalder) <p>SEFRAK meldepliktige og SEFRAK bygg i Knarrevika, Valahavnen, Pollen/Snekkevika og Straumsundet.</p> <p>Bildøyna (gnr. 34, austre sida) og Nordre Ekrhovda (gnr. 46) er ikkje registrert i SEFRAK. Dette er ein kunnskapsmangel.</p>	<p>Geitvika (sør på Litlesotra) - Statleg sikra friluftsområde og registrert som BOF- område (badeplass med fleire fasilitetar). Verdi: Svært viktig.</p> <p>Også kartlagt som friluftsområde (leke- og rekreasjonsområde). Verdi: Svært viktig. Området er i KPA vist som friluftsområde grønstruktur.</p> <p>Vollvika/ Bildøystraumen - Kartlagt friluftsområde (leke- og rekreasjonsområde). Verdi: viktig. Området er i KPA vist som friluftsområde grønstruktur.</p> <p>Friluftsområde kpa grønstruktur</p> <ul style="list-style-type: none"> Øyavika Skipsdalen Storhelleren Austre sida av Straumssundet- Søra Straumsvika- Bukkatåvika - Geitvika - Knappen 	<p>Strandsona er del av fleire landskapsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> Landskapsområde 26 Straume - Bildøyna - Kolltveit. Verdi: Noko. Markerte landskapstrekk Lange og smale sund med lune viker Landskapsområde 24 Hjelteryggen Knarrvika. Verdi: Noko. Markerte landskapstrekk Bratt og jamn strandlinje mot Byfjorden. <p>Landskapsområde 23 Brattholmen Arefjordpollen. Verdi: Noko Markerte landskapstrekk i strandsona: Arefjord og pollen.</p> <p>Landskapsområde 22 Ebbesvika. Verdi: Middels. Markerte landskapstrekk i strandsona: naturleg strandlinje med rullestein, bratte skrentar i bakkant.</p>	<p>Dyrka mark i Vollvika Innmarksbeite ved Bukkatåvika og dyrka mark og innmarksbeite ved Snekkevika - Neset.</p>	<p>Fv. 5234 Fv. 5286 Fv. 5240 Lokale vegar</p>









4.5. Delområde 5




Område 5	Naturmiljø	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landskap	Landbruk	Infrastruktur
<p>Eidet, Ekrhovda til Liaskjeret og Gulenakken, Gavlen til Småsundet/Snekkevika (sør) Råka Bjørøygavlen, Katlabergvika og Vestrepollen, Steinsundgavlen, Håkjerrundet, Bekkjervika, Sørvika, Nautasundet, Bjørøyvågen, Jaktahavnen til Flundreneset, Breivika, Skiparneset, Sandvika, Fløsteinspollen/Mjølundet</p>	<p>Austsida av Sotra og Vestrepollen (Bjørøyna) er kartlagt etter Miljødirektoratets instruks for kartlegging av naturtyper (basert på NiN). Det er eit område på Bjørøyna kartlagt etter den tidlegare metodikken for kartlegging av naturtyper (DN-håndbok 13).</p> <p>Miljødirektoratet - Naturtyper NiN</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kobbhaugen 2 Gammal fattig edellauvskog. Moderat kvalitet • Ekrhovda 5 Frisk lågurtedellauvskog Svært høy kvalitet <p>Strandeng</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hovdeneidet 1. Svært høy kvalitet • Hovdeneidet 2. Semi-naturlig strandeng. Svært lav kvalitet • Vågen Moderat kvalitet • Bjørøyna 2 Semi-naturlig strandeng Lav kvalitet • Bjørøyna 5 Moderat kvalitet • Bjørøyna 7 Moderat kvalitet <p>Høgstaude edelløvsog;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kobbhaugen 1. Lav kvalitet • Kobbhaugen 3. Lav kvalitet • Kobbhaugen 5. Moderat kvalitet <p>Kystlyngheier;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Idda. Moderat kvalitet • Thomashaugen. Moderat kvalitet • Bjørøyna 1. Svært lav kvalitet • Stølhaugane nord. Svært lav kvalitet • Stølhaugane sør. Svært lav kvalitet • Molltveitneset. Lav kvalitet <p>Naturtyper - DN-håndbok 13 Nibben - Rik edellauvskog. Verdi: Viktig</p> <p>Arter og funksjonsområde Trekkeveggar hjort</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skjervika • Nordre Ekrhovda • Hovdasundet • Tomasneset 	<p>Ei SEFRAK-registrert og meldepliktig sjøbu ved Siggeskeret.</p> <p>Mange gravminne, buplassar og aktivitetsområde. Status: automatisk freda.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bjørøy nord <p>Nokre SEFRAK meldepliktige og SEFRAK bygg (naust/ sjøbu) bl.a. ved Tomasneset, Siggeskeret, Revvika og Katlabergvika.</p> <p>Nordre Ekrhovda (gnr. 46) og Søre Ekrhovda (gnr. 47 <u>er ikkje registrert i SEFRAK</u>). Dette er ein kunnskapsmangel.</p>	<p>Kartlagde friluftsområde</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hovden - kartlagt friluftslivsområde (nærturterreng). Verdi: registrert. • Monkerøysa/ Bjørøyna Nærturterreng. Verdi: Viktig • Joassfjoro badeplass. Leke- og rekreasjonsområde Verdi: registrert. • Trettevika badeplass Leke- og rekreasjonsområde. Verdi: registrert. • Sandvika badeplass. Leke- og rekreasjonsområde. Verdi: viktig. • Vikane badeplass Leke- og rekreasjonsområde. Verdi: registrert. <p>Friluftsområde kpa grønstruktur</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skarvbugvika • Gavlen • Vestrepollen • Håkjerrundet • Sandvika • Breivika 	<p>Strandsone er del av fleire landskapsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Landskapsområde 22 Ebbesvika. Verdi: Middels • Landskapsområde 21 Ekrhovd - Li. Verdi: Middels • Landskapsområde 20 Bjørøyna Tyssøyna. Verdi: Middels <p>Markerte landskapstrekk i strandsone: Landskapsområde 20 og 22 har ei flikete og i hovudsak lav strandsone med lune viker, landskapsområde 21 har i hovudsak ei jamn og høg strandsone</p>	<p>Dyrka mark på Gavlen (Litlesotra). Innmarksbeite på Søre Ekrhovda</p>	<p>Fv 5234 Fv 5236 Fv 5286 Lokale vegar</p>









4.6. Delområde 6

Område 6	Naturmiljø	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landskap	Landbruk	Infrastruktur
